



Den er ikkje berre praktfull, den er ein attraksjon! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Like etter at storgrana på Endregard (truleg den største i bygda) måtte fellast, er det grunn til å stilla spørsmålet: Har Endregard den største rhododendron ikkje berre i bygda, men også på Vestlandet?**

Den er i hvert fall enorm og no om dagen er den på veg mot sitt blomerike høgdepunkt. Den er ikkje berre eit syn for gudar – nei, den er ein attraksjon.

Høgda må vera fem-seks meter, lengda truleg 14 og breidda fem meter.

- Men eigentleg er det to eller tre plantar, det ser ein ikkje under blad og blomar, seier Kåre Guddal, som står Endregard nær.
  - Men kor gamal er attraksjonen, spør uskedalen.no kona Berit Guddal, som har enda tettare historiske band til staden.
  - Eg trur vi må heilt attande til 1930-talet for å finne den spede starten, er svaret.
- Men svaret er faktisk at gartnar Larsen frå Langgot anla hagen allereie i 1918 og då vart rhododendronen planta.

Med andre ord er rhododendronen på Endregard 89 år gamal og faktisk rundt 20 år eldre enn storgrana var. Men det er ein vesentleg skilnad: Medan grana måtte fellast fordi ho vart for stor, er det ingen fære for at det same må skje med rhododendronen.

Med det same vi er innom temaet kan det vera på sin plass med ein liten repetisjon av faktisk kunnskap: Rhododendron tyder rosetre på gresk (rhodos er rose og dendron er tre) og det er ein slekt i lyngfamilien. Dei fleste artane har fargerike blomar og fleire av artane er evig-grøne. På forsommaren veks det ut nye blader.

Rhododendron finst som busk og som treliknande vekst. Dei er vanlegvis sakteveksande, men blir veldig store etter nokre tiår.

I vill tilstand finst den i Himalaya, Burma, Kaukasus og Tibet. Den likar kulde og som myrplante tål den ikkje tørke særleg godt. Dei fleste artane veks difor heller ikkje på kalkhaldig jord.

Rhododendron er ein surjordsvekst, pH-verdien bør vera 4,5 og den føredrar å ha noko skygge. Bhuntan under Himalaya er det landet som har flest rhododendron-artar, femti i talet.

Av Ola Matti Mathisen